



30 born og ungdomar samla til oppstarten på Bedehuset i 2006 (Arkivfoto).

Hobbyklubben har vore i drift i 15 år. No innstiller leiinga arbeidet i det som har vore eit populært barne- og ungdomstiltak med base på Bedehuset. Målet med arbeidet sidan starten i 2005 har vore å gje born og ungdom ein møteplass i eit sunt og godt kristent miljø. Arbeidet har også vore ein del av kyrkja si trusopplæring og konfirmantarbeid. Ekteparet Britt Toril og Tore Mathisen har vore pådrivarane. Jon Harald Kjærland har heile tida vore ein sentral person i arbeidet.

Hobbyklubben var på mange måtar eit nybrottsarbeid i Uskedalen. Klubben levde opp til målsetjinga om å skapa eit godt ungdomsmiljø gjennom faste aktivitetar og hobbyar. Det er nok å nemna:

- Flygruppe
- Avisgruppe
- Fjernstyrte bilar
- Fotogruppe
- Spel
- Matlaging
- Elektronikk
- Andre hobbyar

Kvar gruppe hadde sin leiar,- Erlend Moen, Rune Hjørnevåg, Ola Matti Mathisen, Britt Toril Mathisen, Jon Harald Kjærland, Lina Håland, Oddbjørg Heimark m. fl. Tore Mathisen hadde det overordna ansvaret, skaffa utstyr og midlar. Samlingane var 2. kvar måndag på Bedehuset. Faste innslag var andakt, konkurransar, bingo og matøkt med pizza.



Pådrivarane har vore Britt Toril og Tore Mathisen (Arkivfoto).

Uskedalen.no vil særleg ta fram det store arbeidet Hobbyklubben gjorde som utgjevar av Uskedalsposten, frå nr. 1 jula 2005 til det siste bladet i desember 2017. Uskedalsposten kom med 2 - 3 nummer i året og var på mange måtar eit lokalt magasin med eit variert innhald av intervju, dikt, innlegg, lokalhistoriske artiklar og annonsar. Les vidare kva Tore Mathisen skriv i si slutt helsing:

Hobbyklubben avslutter klubben etter 15 år i Uskedalen bedehus. Hobbyklubben startet august 2005 og hadde siste samling sist uke.

Det er mange som har vært medlemmer gjennom disse årene og fått prøvd seg på mange forskjellige aktiviteter som: radiostyrte biler og fly, elektronikk, fotografering, lage film, matlaging, formingsaktiviteter, laga Uskedalsposten osv.

Det har vært kjekt og fått vært ledere og drevet slikt arbeid gjennom disse årene.

Vil med dette takke alle de som har vært medlemmer, ledere og alle de som har støttet klubben og Uskedalsposten gjennom disse årene.

Vennlig hilsen

Styre i Hobbyklubben i Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ola Matti Mathisen/Kristian Bringedal



Hobbyklubben si avisgruppe har frå 2005 til 2017 vore utgjevar av Uskedalsposten.